

## **24/15 Budsjett kontroll og tilsyn 2016 - kontrollutvalet sitt budsjettforslag**

Arkivsak-dok. 13/00152-10  
 Arkivkode. 151  
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Klepp	17.09.2015	24/15

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeida forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalets budsjettvedtak i tråd med forskrift leggst fram for kommunestyret i samband med behandling av kommunens samla budsjett for 2016.

Budsjettet skal omfatta alle utgifter forbundne med kontrollutvalet sitt arbeid. Kontrollutvalet blir derfor å sjå på som ei avdeling i kommunen med budsjettansvar for eige budsjett. Dette inneber også eit ansvar for rekneskap og rekneskapsoppfølging.

### **Saksutgreiing:**

*Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner* pålegg kommunen å ha ei forsvarlig revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar derfor lovpålagte oppgåver.

Budsjettforslaget er delt inn i 3 hovudpunkt; utgifter til utvalsarbeidet, kjøp av revisjonstenester og sekretariat.

### ***Kontrollutvalets utgifter***

Kontrollutvalets utgifter består av møtegodtgjersle til kontrollutvalets medlemmer, utgifter til kjøring/ transport, kurs m.m. . Utvalets medlemskap i FKT høyrer også med her, dette er ei utgift som kjem så lenge kommunen er medlem. Det er ut frå rekneskapet for 2014 foreslått ein mindre reduksjon i utgifter til møtegodtgjersle til kontrollutvalet. I tillegg er posten for opplæring/kurs auka med 10.000 kr., då det alltid vil vere auka behov for opplæring etter eit nytt val.

### ***Revisors budsjettforslag:***

Klepp kommune kjøper sine revisjonstenester frå Deloitte AS. Revisors budsjett omfattar i grove trekk utgifter til vanlig rekneskapsrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planar vedtatt av kommunestyret, samt oppmøte i kontrollutvalet. Sekretariatet foreslår å auka budsjettet med godt 3% for 2016.

### ***Sekretariatets budsjettforslag:***

Klepp komme er medlem i det interkommunale § 27-samarbeidet Rogaland Kontrollutvalgssekretariat, og kjøper kontrollutvalets administrasjonstenester her. Sekretariatet sitt budsjett med fordeling av grunnbeløp til kommunane vart godkjent av styret den 5. juni 2015.

Det er i år ei samla auke i budsjettet på godt 3% sett opp mot fjorårets forslag. I oversikt over vedtatt budsjett for 2015 ligg budsjettet for 2014 inne, slik at dette talet er feil.. Samarbeidet skal drivast etter sjølvkostprinsippet, og endelig betaling til kommunane vert i tråd med vedtektene gjort ved rekneskapsavslutning. Klepp kommune fekk i 2015 tilbakebetalt kr. 22.500,-.

Samla sett er det foreslått eit budsjett for 2016 med ein auke på 4,3% sett opp mot vedtatt budsjett for 2015. Delar av denne auken skuldast at sekretariatets budsjett for 2015 er feilført.

#### FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tilrår eit samla budsjett for kontroll og tilsyn for 2016 på kr. 852.000,- ekskl. mva.

SANDNES, 05.08.2015

*Wencke Sissel Olsen*  
Daglig leder

Vedlegg:

[Budsjett 2016.xlsx](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.*

[Tilbake](#)

Arkivsak-dok. 13/00152  
Arkivkode  
Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Klepp	17.09.2015	24/15

## SAKSPROTOKOLL

### Budsjett kontroll og tilsyn 2016 - kontrollutvalet sitt budsjettforslag

---

**Kontrollutvalet i Klepp har behandlet saken i møte 17.09.2015 sak 24/15**

#### **Møtebehandling**

#### **Votering**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet i Klepp tilrår eit samla budsjett for kontroll og tilsyn for 2016 på kr. 852.000,- ekskl. mva.

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur*